

HYRDTINGEN

NR. 2

April 2020

ÅRGANG 62

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



God påske!

*Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.*

*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!*



Konserten i Skjold kyrkje 7. mars (sjå side 12)

Presten har ordet	2	Å setja ord på livet	4	Støtteannonser	9
Stå-på-vilje i Imsland	2	Kvinnedagen markert i Ølen	5	Gudstenester	10
Redaksjonspennen	3	Diakoni i praksis!	6	Frå kyrkjeboka	10
Torsdagstreff på Kyrkjetunet	3	M. B. Landstads salmebok	7	Møte og arrangement	11
Trusopplæring	3	150 år		Lokale kor song med	12
Gravferder i Vindafjord	4	91 born døypte i Vindafjord	7	Seven-jentene	
Konfirmasjonane er utsett til hausten	4	Ein aktiv speidartropp!	8	Dagane i påskeveka	12
		Gulliverjengen i Vikebygd	8		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
VIPPS nr 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk:
Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Mobil: 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Torsdag 9 - 15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghamart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog
Ølen og Bjoa: Hanne Jorunn Aasen Risøy
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Sokneprest Kristian Kyllingstad



Eit håpsteikn til oss alle i dei uvisse rammene har vorte lagt oss i fanget. Vi ser etter normalen i det unormale. Vi spør – kva no? Korleis vere normal i unormalen?

Det kan godt hende at alle desse spørsmåla vi enten spør oss sjølve eller får andre til å spørje på våre vegne, er vesentlege. Men vel så viktig er kva dei gjer med oss og korleis vi handterer dei. Avisartiklane spør kva som vil skje når smitteverntiltaka avtar og samfunnet skal gjenreisast til eit normalpunkt. Kva har gått gale langs vegen og korleis gjensaker vi veksten? I kyrkja spør vi korleis vi skal vere kyrkje når vi ikkje kan samlast? Kva med gravferdsforvaltning? Kva med konfirmantane våre? Det vert mobilisert på Facebook og andre digitale plattformer. Vi vil så gjerne vere til stades. Vi vil så gjerne handle. Det ligg i ryggmargen.

Dei ytre rammene våre er råka. Vi gjer mykje for å oppretthalde dei så godt som vi kan, for dei skaper ein tryggleik. Mange veit diverre mykje om korleis ei øydelagt livsramme kan sjå ut, men no står vi i krisa alle saman. Ikkje berre dei som har mista nokon, dei som erfarer eit samlivsbrøt, dei som kjenner på angst og depresjon.

Livet rasar ikkje forbi, medan vi sjølv står aleine igjen. No står vi alle igjen – saman.

Vi går alle på vegen mot påske. Rammene knytt til den er òg endra. Men ikkje budskapen. Det siste ei krise mister er håpet. Håpet om endring. Håpet om betring. Håpet om fellesskap. Håpet om at det gode skal sigre. Den unge mannen i Jesu grav seier til kvinnene påskemorgonen: *Vær ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han har stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han! Men gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter: 'Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, slik han har sagt dykk.'*

Forhenget i tempelet rivna i to då Jesus døydde. Guds rike er komen nær. Og dei som såg han døy på krossen kom med nye erkjenningar – *den mannen var verkeleg Guds Son.*

Det same håpsteiknet er lagt i vårt fang. I møte med dei krisane vi står framfor. I dei spørsmåla vi ikkje finn svara på. I vår unormale normalitet. Der – i sprekkane i vårt normale rammeverk trengjer ljøset inn og gjev oss nye erkjenningar om vårt liv og vår tru.

Stå-på-vilje i Imsland

Av redaktøren

Imsland sokneråd, som vi presenterte med bilete i førre nummer, har ein aktiv periode føre seg. Leiaren, Jolaug Kaldheim, fortel at dei vil prioritera å få i gong arbeidet med å utvida kyrkjegarden (gravplassen), få inn nytt lydanlegg i kyrkja, rydda parkeringsplassen og få gatelys der. –Det er veldig positive og arbeidsame personar med stå-på vilje som me har fått inn i soknerådet, seier Jolaug Kaldheim til

Hyrdingen og legg til at dei er klare for å gjera ein god innsats og tar gjerne imot gode idear. –Ungdomen i bygda er flinke til å delta på klubben i Vikedal, det er me veldig glade for. Me samarbeider med Sandeid og Vikedal sokneråd om forskjellige gudstenester og festar.

Når det gjeld frammøte og deltakinga på gudstenestene kunne det alltid vera meir folk. Elles har dei planlagt nokre treff på bedehuset utover året og ynskjer alle hjarteleg velkomne til desse.

Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Det er uvanlege tider vi står oppe i. Mange hadde gledd seg til ein konfirmasjon i kyrkja og familiefeing, andre såg fram til påskeferie på hytta eller i fjellet. Så er vi usikre. Koronaviruset har sett samfunnet vårt i ein pause. Kyrkjer og bedehus heldt stengt i ei tid då vi kanskje hadde hatt trong for å koma saman. Skular, barnehagar og bedrifter stenger eller må permittere. Det var ikkje slik vi såg føre oss denne våren.

Nå må vi alle ta ansvar og gjera vårt til at dei som er ei utsett gruppe: Eldre og personar med redusert immunforsvar, må skjermast. Vi må halda smitten tilbake slik sjukehusa klarer å ta hand om dei som treng innlegging.

Likevel, om du ikkje kan besøkje nett den du veit treng eit besøk, så kan du ta kontakt på telefon eller internett. Mange stiller opp for å hjelpe til med å gjera innkjøp for dei som ikkje kjem seg i butikken. Ta vare på kvarandre. Dette skal vi greia i lag. Så får vi kanskje bruka litt meir tid til aktivitetar i lag innan familien og søndagsgudstenesta kan vi få med oss på radioen eller internett. Ta vare på kvarandre i ei krevjande tid.

Kanskje det denne påsken kan verta tid til å ta fram dei gode, gamle spela der familien samlast i stova heime? Ta tid til å tenkja på kva påskebudskapen handlar om.
God påske!



Småbarnssong i Vikedal – såpebobler er alltid kjekt!

Torsdagstreff på Kyrkjetunet

Av Øivind Jønsson

Første torsdag i månaden mellom september og juni har diakonitvalet i Ølen torsdagstreff på Kyrkjetunet. Det er samling frå klokka 11 til 13 med varm mat, kaffi og kulturelle innslag. 5. mars var temaet «Våren». Lena og Jan Husebø framførte vakre

vårsongar med fiolin og gitar. Bjørg og Arne Borgemyr presenterte denne lyse, vakre årstida ved hjelp av tekstar frå bibelen, Brorson og fleire forfattarar, saman med flotte naturbilete. Viktige tekstutsegner var mellom anna at Gud er skapar, me skal ikkje bekymra oss og jorda skal bli ny. Neste torsdagstreff blir 2. april og då er temaet "Påske".



Deltakarar.



Dugnadsgjengen på kjøkkenet.



Jan og Lena Husebø med gitar og fiolin. Gunvor Feed leia samlinga.



Bjørg og Arne Borgemyr.

Trusopplæring



Av Britt Karstensen, kateket

Grunna situasjonen rundt coronaviruset må me dessverre avlyse mange planlagte trusopplæringstiltak i regi av kyrkja denne våren.

Den viktigaste og beste trusopplæringa er forøvrig i heimen, og her kan me hjelpe kvarandre:

Søndagsskolen har f.eks gode idear på www.sondagsskolen.no.

Kyrkja på nasjonalt nivå legg opp til digitale fellesskap og kjem med gode råd både på www.kirken.no og i sosiale medier.

Me vil gjerne at folk deler tips om gode nettsider og aktivitetar på facebookside vår «Trusopplæring Vindafjord».

Det vil kome ulike artiklar dei neste vekene, både om trusopplæring og andre ting, på heimesida vår



Skattejakt i Vats, me lagar regnbogen for å huske at Gud er glad i oss.

www.vindafjord.kyrkjer.no

Me kan ha fellesskap både med Gud og kvarandre sjølv om me sit på ulike plassar reint geografisk.

Her er eit par glimt frå det me fekk til før det blei full stopp – også gler me oss til å vera saman igjen når ting roar seg!

Gravferder i Vindafjord

Av Inghart Lasse Tveit,
Kyrkjevevja i Vindafjord

Folk i Vindafjord er uvanleg flinke til å møte opp i gravferder. Forutan familien møter både naboar og vener – ikkje berre av avdøde, men også vener og naboar av dei pårørande. Alle vil vera med på å visa medkjensle i sorga. Difor er det ekstra tungt for alle partar at det nå er sett avgren-

singar på frammetet ved gravferder. Men her er det diverre ingen veg utanom. Det kan berre vera maksimalt 50 personar til stades. Det seier seg sjølv at dette først og fremst gjeld dei næraste – men også for dei gjeld maksimumstalet. Også her må ein vera merksam på at det kan komma endringar, slik at gjeldande tal gjeld til ny informasjon evt. måtte komma. I Vindafjord vil dato og klokkeslett

i hovudsak bli kunngjort på vanleg måte, sjølv om gravferdene i praksis er lukka. Men det er likevel andre måtar å visa medkjensle på. Mange har gjerne flagg og flaggstong. Flagging på gravferdsdagen kan vera eit fint uttrykk for samkjensle med dei pårørande, men også gode ord og helsingar når høvet måtte by seg. Blomar kan ein senda til gravferda på vanleg måte.

Konfirmasjonane er utsett til hausten

Utdrag av informasjon frå
Kari Vik Stuhaug

- Eg må dessverre stadfeste for dykk det som er sagt i media – at alle konfirmasjonsgudstenester i vår blir avlyste og utsette til etter sommarferien. Då håpar me at koronaepidemien har lagt seg, skreiv soknepresten i brev til konfirmantane i mars.

- Kyrkja treng litt tid til å finna moglege datoar for konfirmasjon til hausten. Me skal informere dykk så snart me har det klart. Den siste utviklinga med restriksjonar inneber at også all anna konfirmantførebuing går ut i denne omgang, inkl. konfirmantfesten. Det gjeld også dør-til-dør-aksjonen for Kirkens Nødhjelp som skulle skje siste veka før påske, men innsamlingsaksjonen vil likevel skje digitalt. Les side 9.

Har du spørsmål eller berre lyst på ein prat – berre ring!

Heile situasjonen er krevjande for mange av oss. Det krev mykje ekstra organisering og krefter frå oss. Og har noko vore vanskeleg før, blir det kanskje endå vanskelegare no. Prestane og andre i kyrkja er tilgjengelege også for å snakka om slike ting.

Eg minner også om andre muligheter for samtale og chatting:

Nettkyrkja

Vi minner også om andre muligheter for samtale og chatting: www.nettkirken.no

Hjå nettkyrkja kan du chatte med prestar om det du har på hjartet. Prestane er gode samtalepartnarar og er pålagt teleplikt. Vit at det er nokon som tar imot deg og ditt liv. Det kan vere kva som helst.

I tillegg kan du be bønner og tenne lys. Du finn også andakter, Søndagstankar, som er fine å lese.

Opningstid i Nettkirken:

Søndag: Open chat kl. 10-02.
Måndag-fredag: Open chat kl. 09-03. Velkommen innom.

Kirkens SOS - Tlf 22 40 00 40

Du kan samtale, skrive melding eller chatte hos Kirkens SOS. Dei har dyktige frivillige for samtale, om alt som skjer i livet. På grunn av smittesituasjonen har dei noko redusert kapasitet, og det kan vere lenger kø. SOS Telefon open: 07.00 - 03.00, SOS Chat open: 18.30 - 22.30 SOS Melding garanterer svar innan 48 timar.

I alle kanalar kan du vera så anonym som du sjølv ynskjer. Velkommen til å ta kontakt.

<https://www.kirkens-sos.no/>
<https://nettkirken.no/>

I alle kanalar kan du vera så anonym som du sjølv ynskjer.

Velkomen!



Å setja ord på livet

Av sokneprest Kristian Kyllingstad

Koronaviruset har endra samfunnet om vi vil eller ikkje. Endra rammer og føresetnader for livet gjer noko med oss. Spørsmåla kan verta mange. Kjensler kan forsterkast. Relasjonar kan verta sett på prøve. Økonomi på jobb og privat kan vera usikker. Dei næraste treng omsorg. Eller i motsett ende kan vi kjenna på at alle andre gjer meir enn eg. Men eg veit ikkje kva eg skal gjera.

Å setja ord på livet – det store og

det minste - er helsebringande. Det er å ta seg sjølve og andre på alvor. Når kyrkja òg endrar rammene vil vi understreka at det finst stader å setja ord på livet saman med andre.

Du kan ringja den lokale presten din og be om ein samtale.

Du kan ringja: Kirkens SOS (Tlf. 22 40 00 40)

Du kan chatte med prest og diakon i: Nettkirken.no

Vit at det er nokon som tar imot deg og ditt liv. Det kan vera kva som helst.



Frå venstre: Indra Maya Chhetri frå Nepal, Yolanda Garcia frå Den Dominikanske Republik, Kari Vik Stuhaug (prest), Gabriela Pacurar frå Romania, Catherine Chimba frå Zambia og Valia Maamo, kurdar frå Syria. Debora Steging Hustveit frå Nederland var ikkje til stades då biletet blei tatt.

Kvinnedagen markert i Ølen kyrkje

Tekst og foto: Harald Helberg

Søndag 8. mars var det duka for ei annleis gudsteneste. Kvinner frå fleire ulike land deltok i samtale og refleksjon om korleis kvinner har det i dag. Hyrdingen har snakka med fleire av dei som overvar gudstenesta på Kvinnedagen.

Det var kvinner som høyrer til «Mitt fargerike nabolag» (sjå faktaboks under) som hadde sentrale roller under gudstenesta på Kvinnedagen. Det heile byrja med eit preludium der lovsong og dans frå Zambia sette sitt uvanlege preg. Inn kom deltakarane og soknepresten til musikk og enkel dans. Undervegs i gudstenesta fekk ein høyre kvinnene fortelje om korleis kvinner har det i heimlanda sine. Dei peika både på utfordringar og på det som går bra. I tillegg bidrog deltakarane med tekstlesing og bøn.

Det var sett av tid til vandring i kyrkjerommet. Då kunne ein lese Fader vår på ulike språk og tenne lys fleire stader.

Kyrkjekaffi

Etter gudstenesta kunne alle vera med på kyrkjekaffi på Kyrkjetunet. Ei av kvinnene frå «Mitt fargerike nabolag», Valia Maamo, fortel at det var soknepresten som tok kontakt om denne gudstenesta.

- Dette var kjekt. Eg er veldig glad for å ha vore med på dette. Eg fortalde om kvinner sin situasjon i Syria, som er mitt heimland.

- Heilskapen i gudstenesta var fantastisk fin.

Det seier Per Sigmund Bukkholm, som mellom anna peika på spennet i salmar og instrumentinnslaga.

Besøk frå fleire sokn

Benkene fylte seg godt opp denne søndagen.

- Det er ikkje kvart år 8. mars fell på ein søndag. Eg synest det var ei fin markering. Det var kjekt å sjå at det kom folk frå fleire ulike sokn til denne gudstenesta i Ølen, seier Hanne Jorunn Aasen Risøy, som er leiar i Ølen og Bjoa sokneråd.



Mitt fargerike nabolag:

Ei gruppe menneskje frå ulike land og kulturar. Organisasjonen jobbar for integrering i Ølen og vart tildelt Vindafjord kommune sin kulturpris i januar. Kjelde: Organisasjonen si eiga Facebook-side. <https://www.facebook.com/mittfargerikenabolag/>



Interessant kåseri av Rune Birkeland.

Diakoni i praksis!

Tekst: Gunnar Listog

Diakoniarbeid er kyrkjelyden si omsorgsteneste. På mange måtar er dette arbeidet evangeliet i praksis. Stikkord her er nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Diakoniarbeid i Skjold og Vikebygd

I Skjold held mannskapet frå forrige periode fram under leiar Einar Askeland. Her har ein tradisjon for å gje blomehelsingar til folk som fyller 80, 85 og 90 år. Og ruslar du oppover på 90-talet, får du blomehelsing kvart år. Verkeleg noko å strekkja seg etter! I 2018 vart det til saman delte ut 38 helsingar. Vikebygd har ei tilsvarande ordning. Her har Rolf Alne sytt for blomehelsingane.

Vitjingar på sjukeheimen i Vats har òg vore eit populært tiltak. Så når Jens Tveit held andakt, Einar Askeland spelar trekkspel og Endre Stople syng, då har dei gamle på sjukeheimen ei god stund.

Ein gong i året arrangerer diakoniutvalet busstur. Ein tur med stødige pensjonistar gjer godt for kropp og sjel. Og om reisemåla ikkje nett er så eksotiske, så har alle vore nøgde med tur rundt om på Karmøy, til Etne, Bømlo, Mosterhamn og Suldal. 4. juni går turen til Rosendal, så det er berre å melda seg på.

60+

Ein gong i månaden er det samling i Skjold kyrkje for alle som har passert 60 år. Då er det interessante foredrag, andakt, song, åresal og mat og kaffi. Eg nemner nokre kåsørtema:

«Lått og løye med Kørner Høie, «Grønt skråblikk på livet» ved Harald Grønnevik, «Torghandel i Stavan-ger» ved Martin Reed, «Kvinneres kvardag før og no» ved Gro Steensnæs Håvåg. «Om å bli pensjonist» ved Jon Ådnøy.

I fjor haust, i november, var tidlegare rektor i Vikebygd og mangårig sjømannsprest Rune Birkeland på møtet. Han fortalde om arbeidet sitt i Puket i Thailand etter at den store bylgja hadde knust heimar og teke tallause menneskeliv. I eitt år arbeidde han og kona Møyfrid der nede. Dei hjelpte mellom anna fattige, sytte for at skuleborn fekk hus og mat og fekk til eit bibliotek. I ettertid er sjømannskyrkja blitt ein del av den lokale «beredskapen».

No i februar fortalde prest Lars B. Hellerdal om arbeidet Kirkens Bymisjon gjer i Haugesund. Her fekk me mellom anna «møta» nordsjødykkaren og familiefaren som hadde løyst livsvanskane med rus, og som hadde etablert seg i ein kompisgjeng under Risøybrua, og me fekk høyra om tenåringsjenta som hadde valt



Lars B. Hellerdal fortalde om arbeidet til Kirkens Bymisjon.

feil kjærast og hamna «på kjøret». At om lag 1000 born fekk julegaver av Kirkens Bymisjon berre i vårt nær-område, var ein tankevekkjar.

Å møta alle menneske, også tiggarkvinnene i Haraldsgata, med respekt, rettferd og omsorg, å møta alle utan fordommar, det må vera ei rettesnor for alle. Eit kåseri verkeleg til ettertanke. Nye samlingar er planlagde: 26. mars vil lokalhistorikaren frå Imsland, Tomas Finnvik, kåsere om «Tida før i helg og fritid». 30. april kjem Alf Tenden og Henry Thorsen. Dei har skrive boka «Nærbutikkane på Haugalandet, så det er det som er deira tema.

Så det vert mange spanande møte utover året. Då er ikkje berre 60+ arar frå Skjold, Vikebygd og Vats velkomne, men og grannane i nabobygdene rundt om.

Diakoni femner vidt

Kyrkja vår skal vera ei omsorgskyrkje, så ta gjerne kontakt med idear og tankar!

M. B. Landstads salmebok 150 år

Av Harald Eintveit, Sokneprest em.


Ei av dei største gåvene til Den norske kyrkja, Landstads salmebok, fyller 150 år. Jubileet bør verta markert til gagns i kyrkjelydane våre, slik at salmediktaren får sin rettmessige plass i folks medvit om vår eigen kultur- og kyrkjevarv.

Det stod ikkje sprekt til med salmeboksituasjonen i Den norske kyrkja kring midten av 1800-talet. Hopehavet gjennom århundre med Danmark hadde sett sitt preg, og det tok tid før nasjonen tok til å reisa seg, også på det kulturelle og kyrkjelege området.

Kyrkja hadde trong for ei ny samlande salmebok. Om dei gamle salmebøkene, brukte geografisk «i hytt og ver» over det ganske land, sa A.O. Vinje: «Dersom nokon åndeleg ting kan liknast i hop med å tyggja kork, så er det å syngja desse rettruande salmane.»

Det ser ut til at det var to aktuelle salmediktatarar som kunne vera i stand til å gå i gang med salmebok-prosjektet: Den eine, pastor W. A. Wexels ved Vår Frelzers Kirke, Oslo; den andre, M. B. Landstad. Etter vurderingar i departementet fekk sistnemnde førespurnad ved brev av 30. mars 1848.

Likevel medførte oppbrotet frå Seljord til ny tenestestad i Halden og dei mange dødsfalla i den næraste familien, at det var vanskeleg for Landstad å starta eit så ambisiøst prosjekt no. I 1852, etter å ha blitt ve-



Magnus Brostrup Landstad (f. 7.okt. 1802-d. 8.okt. 1880)

letablert i sitt nye embete, retta departementet ny førespurnad. Denne gongen svara han JA, men på visse vilkår: Han ville ha eineansvaret for arbeidet; han ville ha avlasting i embetet og han ville ha løn. Dette vart godkjent i departementet ved Kgl. res. av 7.10.1852 og prosessen var dermed i gang.

Oppgåva var formidabel. Etter eigen utarbeidd plan gjekk han gjennom det som fanst av norske, svenske, danske og ikkje minst tyske salmar. Han omsette og han dikta

sjølv,- med innleving og med folkeleg uttrykksmåte. Truleg hadde ikkje minst arbeidet med folkeviser og sagn gjeve han syn for balansegangen mellom det kristne og det folkelege.

Etter eit par kraftige kritikkroundar, som han ikkje tok ad notam i eitt og alt, vart Landstads salmebok autorisert ved Kgl. res. av 16.okt. 1869 til kyrkjeleg bruk ved den offentlege gudstenesta.

Verket var no ført til endes! Noregs fyrste nasjonale salmeverk var samla mellom to permar. Boka hadde 634 nr. Omlag halvparten var henta frå dei gamle dansk-norske salmebøkene medan 60 salmar var sjølvskrivne. I tillegg var 17 salmar så sterkt endra i form og innhald at dei burde vurderast som dikta av Landstad.

Ettersom trykking, korrekturlesing og innbinding tok si tid, låg ikkje Landstads salmebok ferdig før i juni 1870.

I Agder og Telemark bispedøme si årbok, «Vår kirke i sør» frå 1984, vart no avdøde professor Einar Molland sin konklusjon referert etter sin gjennomgang av M.B. Landstad si salmebok: «En skjønnere gave har de norske menigheter aldri fått enn den de mottok da Landstads salmebok ble tatt i bruk.»

Må 150-årsjubileet for Landstads salmebok verta ein invitasjon til informasjon, refleksjon, inspirasjon og eventuelt indignasjon!

91 born døypte i Vindafjord

Tekst: Redaktøren, basert på informasjon frå kyrkjerådet.

I 2019 vart 27551 born døypte i Den norske kyrkja. Tal frå medlemsregisteret syner nå ei utfleting i tilbakgangen ein har sett dei siste åra på landsbasis. I Vindafjord var det 91 born som vart borte til dåpen.

- Vi gleder oss over alle som vel dåp og vi gleder oss med dei mange tusen familiar som kvart år er med på feiring av dåp i kyrkja, seier direktør i Kirkerådet, Ingrid Vad Nilsen.

- Dåp er ikkje sjølv sagt, - heller ikkje for kyrkjemedlemmer som får barn. Dette veit kyrkja sine medarbeidarar mykje om. Dei seinare åra har kyrkjelydane i aukande grad prioritert kommunikasjon med foreldre og familiar som skal ta stilling til om dei ønskje å bera barnet sitt til dåpen. Talgrunnlaget i medlemsregisteret gir grunn til forsiktig optimisme med tanke på komande år, meiner Ingrid Vad Nilsen.

Det er dåpen som gjev medlemskap i Den norske kyrkja. 68,6% av

befolkninga var medlemmer eller tilhøyrande Den norske kyrkja ved utgangen av 2019. Det utgjorde 3.679.850 personar. I tillegg kjem medlemmer busett i utlandet.

- Vi ønskjer at alle forespørslar om dåp vert gjort på nett, skreiv Kristian Kyllingstad i Hyrdingen i fjor.

Du finn meir info og lenke til skjemaet på nettsida: vindafjord.kyrkjer.no. Her vil du også finne oversikt over kva dato og tidspunkt som er tilgjengelege for dåp i dei ulike kyrkjene. Velkommen til dåp.

Ein aktiv speidartropp!

Av Iselin Eidhammer Tveit

Speidararbeid er eit viktig arbeid i fleire av bygdene våre, og i Vikebygd er det ikkje noko unntak.

Vikebygd er ei relativt lita bygd, med rundt 550 faste innbyggjarar. Samstundes hadde Vikebygd KFUK-KFUM ved årsskiftet 91 registrerte medlemmer, frå smått til stort. Det er ikkje mange i bygda som ikkje har vore innom speidaren ein gong i løpet av oppveksten! Speidaren i Vikebygd har tilbod til dei heilt yngste, gjennom det relativt nyoppstarta familiespeidingsarbeidet i lag med speidargruppa i Skjold, og heilt opp til elevar på vidaregåande skule. Norges KFUK-KFUM-speidarar har ein visjon: Rundt våre leirbål er det plass til alle! Det vil seie at alle er velkomne som medlemmer, uavhengig av tru, etnisk eller kulturell tilhørslse, legning, identitet eller funksjonsevne.

Som alle andre speidargrupper

i KFUK-KFUM-speidarane, har me fem viktige verdier som ligg til grunn for arbeidet vårt: kristen tru, fellesskap, friluftsliv, personleg utvikling og samfunnsengasjement. Me har andakt på alle møter, og prøver å vise speidarane kva kristendommen dreier seg om. Å få til noko i lag, utan å bli vurdert eller testa på noko vis, er befriande for mange, og grunnen til at mange finn seg til rette i speidaren. Å berre vere seg sjølv, utan å måtte prestera, er viktig for mange barn og unge i ein travel kvardag med høge forventningar både på skulen og heime. Og ikkje minst: kva er vel betre enn å sitja rundt eit bål og stirra inn i flammene ein stjerneklar kveld?

Speidarane våre er ikkje berre aktive i heimbygda: dei får tilbod om å reisa på leirar og kurs lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er kjekt å bli kjent med fleire! Me deltar på kretsleir eller landsleir annakvart år, og dei åra me ikkje er på leir, reiser me på kanotur. Me er så heldige at

me har åtte eigne kanoar, men desse turane er så populære at me som oftast må låna fleire kanoar. Turane plar å gå til Telemarkskanalen og Nidelva (i Telemark). Fem dagar på kanotur er ei oppleving! I vinterferien hadde me ein speidar som drog til det internasjonale speidarsenteret i Kandersteg i Sveits for å stå på ski og å lære meir om internasjonal speiding. Speidararbeid utgjør ei stor rolle i samfunnsutviklinga fleire stader i verda. Til sommaren skal me, som fleire av dei andre speidargrupperne i distriktet, reisa på kretsleir på Bjerkreim, 1.-7.august. Dette er ein kretsleir for to kretsar, Haugaland og Rogaland, og ein reknar med at det blir omtrent 1200 deltakarar på leiren. Me gler oss til leir!

Synest du det høyrest kjekt å driva med speidararbeid? Speidaren treng alltid nye, engasjerte vaksne. Ta kontakt med di lokale speidargruppe om du kan tenka deg å hjelpa til – du vil bli tatt i mot med opne armar!

Gullivergjengen i Vikebygd

Av Ingrid M. Sørvåg

Gullivergjengen er søndagsskule på onsdagar, for dei frå 4 år til og med 2. kl. Det er rundt 7 ungar som møter kvar gong, ikkje alltid dei same. Steinar Skartland og Kjersti Bjerga har leiinga, i tillegg er foreldra med og hjelper til. Dei syng,

hører forteljingar frå Bibelen, leikar saman og har litt mat. Gullivergjengen møtest annakvart onsdag fram til påske. Det viktigaste er å la ungane bli kjende med Jesus.

- Borna kosar seg når dei får leika saman på bedehuset, fortel Steinar.
- Dei likar songar med bevegelser og får høyra bibelfortellingane.



STØTTEANNONSER

Vi tilbyr

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Fasteaksjonen 2020


Av Tsegayesus H. Hunde

Årets fasteaksjon blir litt annleis enn det vi er vane med. På grunn av Korona-epidemien, er det bestemt at årets fasteaksjon ikkje kjem på døra, men skal samlast inn digitalt ved:

- Vipps 2426
- SMS med kodeord VANN, til 2426 (Dette trekker 200kr frå avsendaren)
- Sosiale medier, m.a. FACEBOOK innsamling (org. lokalt)
- Betalingsfunksjon på: fasteaksjonen.no.

Årets fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp har fokus på vassmangelen i Etiopia. Ca. 40 % av befolkninga har ikkje tilgang på reint vatn. Derfor går stordelen av årets fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt arbeidet i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har vore i Etiopia sidan 1974 og har gjort stor innsats for å hjelpa fattige folk til ha tilgang til reint vatn. Arbeidet inkluderer m.a. vatn, sanitær og hygiene. Dette er svært viktig spesielt akkurat no. I følgje rapport frå Kirkens Nødhjelp, har 1,5 millionar menneske fått tilgang til reint vatn i 2018. Etiopia har ei befolkning på over 110 millionar. Gåva di betyr mykje og då er du med på å redda liv.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no



tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

SpareBank 1

SR-BANK

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Det blir avlysingar! Sjå endringar kunngjort lokalt og web	Preiketekst
05.04.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste palmesøndag, Takkoffer	Joh 12,12-24
05.04.	Fjellstøl Skianlegg	11:00	Gudsteneste palmesøndag, Takkoffer Romania Aid, Gudsteneste ved Fjellstøl Skianlegg. Felles for Vikedal, Imsland, Sandeid og Ølen	Joh 12,12-24
09.04.	Sandeid kyrkje	18:00	Gudsteneste skjærtorsdag, Takkoffer Bibelselskapet, Kveldsmat etter gudst.	Matt 26,17-30
09.04.	Ølen kyrkje	19:00	Gudsteneste skjærtorsdag, Takkoffer Den Norske Israelsmisjon, Kveldsmat på Kyrkjetunet etter gudstenesta	Matt 26,17-30
09.04.	Vats kyrkje	19:00	Gudsteneste skjærtorsdag, Takkoffer Stefanusalliansen, Kveldsmat etter gudst.	Matt 26,17-30
10.04.	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste langfredag, Takkoffer Redd Barna,	Mark 14,26-15,37
10.04.	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste langfredag, Takkoffer	Mark 14,26-15,37
12.04.	Skjold kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer	Luk 24,1-9
12.04.	Sandeid kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet,	Luk 24,1-9
12.04.	Ølen kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet,	Luk 24,1-9
12.04.	Bjoa kyrkje	17:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet,	Luk 24,1-9
12.04.	Imsland kyrkje	18:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Frelsesarmeen Haugesund,	Luk 24,1-9
25.04.	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 21,1-14
25.04.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 21,1-14
26.04.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 10,11-18
26.04.	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Konfirmantarbeidet	Joh 10,11-18
03.05.	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Konfirmantarbeidet	Joh 16,16-22
03.05.	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 16,16-22
03.05.	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 16,16-22
17.05.	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Konfirmantarbeidet	Joh 15,1-8
10.05.	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 15,1-8
10.05.	Ølen kyrkje	17:00	Gudsteneste, Takkoffer Indremisjonssamskipnaden	Joh 15,1-8
17.05.	Bjoa kyrkje	10:00	Gudsteneste, Takkoffer Kirkens SOS i Norge	Salme 127,1-3
17.05.	Vats kyrkje	10:00	Gudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet	Salme 127,1-3
17.05.	Imsland kyrkje	10:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Salme 127,1-3
17.05.	Vikebygd kyrkje	10:00	Gudsteneste, Takkoffer Kirkens Bymisjon	Salme 127,1-3
17.05.	Vikedal kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Lydanlegg til Vikedal kyrkje	Salme 127,1-3
17.05.	Skjold kyrkje	11:30	Gudsteneste, Takkoffer	Salme 127,1-3
17.05.	Ølen kyrkje	11:30	Gudsteneste, Takkoffer Diakoniarbeidet	Salme 127,1-3
17.05.	Sandeid kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Salme 127,1-3
21.05.	Imsland kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Trusopplæring i Vindafjord	Mark 16,19-20
24.05.	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer Kirkens Bymisjon	Joh 15,26-27
31.05.	Ølen kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Bibelselskapet	Joh 20,19-23
31.05.	Sandeid gamle kyrkjegard	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer , Friluftsgudsteneste ved Kystkulturdagane	Joh 20,19-23
31.05.	Skjold kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer	Joh 20,19-23

Les på: vindafjord.kyrkjer.no. Gudstenester på NrK1 Radio: søndagar kl. 11:03

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde
Bjoa		26.01.2020 Sigfrid Heggø f. 1938
Imsland		10.03.2020 Gerd Johanna Kvaløy f. 1924
Ølen		01.03.2020 Berta Lovise Lunde f. 1922 10.03.2020 Gurine Huun f. 1918
Skjold	23.02.2020 Benedicte Hansen Habbestad 28.03.2020 Liva Bådsvik Tjeltveit	01.02.2020 Daniel Knutsen f. 2001
Vikebygd		22.01.2020 Sevald Svendsbøe f. 1944
Vats	16.02.2020 Ingrid Alice Ohm	23.01.2020 Astri Bjørg Lunde Ohm f. 1945 25.01.2020 Hilda Gurine Leifsen f. 1942 02.03.2020 Johannes Elias Eikje f. 1937 08.03.2020 Jorunn Sandvik f. 1925
Vikedal	01.03.2020 Sander Aarekol Johnsen	30.01.2020 Liva Øverland f. 1925 18.02.2020 Bjørn Moland f. 1927

På grunn av Koronasmitte vert det endringar. Følg difor med på plakatar og lokale kunngjeringar på internett og i aviser. Minner om kyrkja si nettside:

vindafjord.kyrkjer.no

Kyrkjetunet i Ølen • kyrkjetunet.no

02.04.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
03.04.	fredag	20:00 Credo
04.04.	laurdag	19:00 Møte - Dypere liv
05.04.	søndag	19:00 Møte - Dypere liv
07.04.	tirsdag	19:00 Strikkekafe på loftet
09.04.	torsdag	20:00 Kveldsmat etter gudstenesta
16.04.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
17.04.	fredag	17:00 Soul Kids øving
17.04.	fredag	18:00 Klubben 4.-7.kl i kjellaren
17.04.	fredag	18:00 Bønnemøte
17.04.	fredag	19:30 Fellesskap på tvers
17.04.	fredag	20:00 Credo
18.04.	laurdag	10:00 Vårdugnad
18.04.	laurdag	12:00 Soul Children øving i Skjold kyrkje
21.04.	tirsdag	19:30 Møte - Marta og Edgar Paulsen
22.04.	onsdag	19:30 Møte - Marta og Edgar Paulsen
23.04.	torsdag	19:30 Møte - Marta og Edgar Paulsen
23.04.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
28.04.	tirsdag	19:30 Bønnemøte
30.04.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
01.04.	fredag	20:00 Credo
07.05.	torsdag	11:00 Torsdagstreff
07.05.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
08.05.	fredag	18:00 Bønnemøte
08.05.	fredag	19:30 Fellesskap på tvers
10.05.	søndag	19:30 Møte - “Åpne dører”
12.05.	tirsdag	19:30 Bønnemøte
14.05.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
15.05.	fredag	20:00 Credo
19.05.	tirsdag	19:30 Bønnemøte
21.05.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
26.05.	tirsdag	19:30 Bønnemøte
28.05.	torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
29.05.	fredag	20:00 Credo

Bedehusa i Skjold

02.04.	torsdag	Ersland: Bønemøte
14.04.	tysdag	Austrheim: Israelsmisjonen
17.04.	fredag	Kyrkja: HFOF kl. 19.00 – 21.00
21.04.	tysdag	Isvik: Flymisjonen
24.04.	fredag	Austrheim: 18.30 Snøklokka Basar
28.04.	tysdag	Ersland: NLM Misjonssamband
30.04.	torsdag	Kyrkja: 60 + kl. 16.00 – 18.00
30.04.	torsdag	Ersland: Bønemøte
05.05.	tysdag	Austrheim: Åpne Dører
09.-10.05.	laurd.-sundag	Familie-KRIK: Telttur
12.05.	tysdag	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
14.05.	torsdag	Ersland: Bønemøte
19.05.	tysdag	Ersland: NMS Misjonsselskapet
26.05.	tysdag	Austrheim: Kr. Muslimmisjon
28.05.	torsdag	Ersland: Bønemøte

Bedehusa i Vats

09.04.	torsdag	19:00 Kyrkja: Via Dolorosa
15.04.	søndag	19:00 Blikrabygda, NLM

22.04.	onsdag	19:00 Kårhus, Samemisjonen
26.04.	søndag	11:00 Kårhus, Endeleg søndag
29.04.	onsdag	19:00 Øvre Vats, Muslim misjonen
06.05.	onsdag	19:00 Blikrabygda, Normisjon
13.05.	onsdag	19:00 Kårhus, NMS
20.05.	onsdag	19:00 Kårhus, NMS Basar Krakk / Nesheim
27.05.	onsdag	19:00 Øvre Vats, Flymisjonen
31.05.	søndag	11:00 Kårhus, Endeleg søndag

Vats pensjonistlag

28. april, møte: Nesheimtunet, nede i stova kl. 17-19.30. Kristian og Anny kjem. Kåsør, lesing, åretrekking, mat og kaffi. 4. juni: Busstur ilag med Skjold pensjonistlag og vi over 60, til Rosendal. Påmelding. Alle velkommen.

Vågen bedehus

Alle møter og samlingar avlyst til over påske		
14.04.	tirsdag	19:00 Gutelagsbasar
15.04.	onsdag	19:30 Bønnemøte
18.04.	lørdag	20:00 Loftet ungdomsklubb
19.04.	søndag	11:00 Søndagsmøte, Talar: Jon Håvard Gundersen
22.04.	onsdag	19:30 Bønnemøte
25.04.	lørdag	12:00 Konfirmasjonsmøte, Talar: Øivind Solheim
26.04.	søndag	11:00 Søndagsskule
26.04.	søndag	19:30 Dele- og lesekveld
28.04.	tirsdag	20:00 Laget
29.04.	onsdag	19:30 Bønnemøte
02.05.	lørdag	20:00 Loftet ungdomsklubb
03.05.	søndag	11:00 Søndagsmøte, Talar: Marit Hårklau Ådnanes
06.05.	onsdag	19:30 Bønnemøte
10.05.	søndag	11:00 Søndagsskule
10.05.	søndag	19:30 Søndagsmøte, Talar: Lars Stensland
12.05.	tirsdag	20:00 Laget
13.05.	onsdag	19:30 Bønnemøte
16.05.	lørdag	20:00 Loftet ungdomsklubb, SOLGRY! Meir info kjem.
17.05.	søndag	18:00 17. mai-fest på Lundeneset
20.05.	onsdag	19:30 Bønnemøte
24.05.	søndag	19:30 Søndagsmøte, Talar: Pastor Mogens Nielsen. Sang: “Gränslös”

27.05.	onsdag	19:30 Bønnemøte
30.05.	lørdag	20:00 Loftet ungdomsklubb
31.05.	søndag	11:00 Søndagsmøte, Talar: Torleiv Åreskjold

Innbjoa bedehus

06.-08.04. man.-onsdag Møter (Besøk av Dietrich)

Kyrkjetunet i Ølen

Torsdagstreff kl. 11-13. • 7. mai, evt. 4. juni. Pris kr. 100. ALLE HJARTELEG VELKOMNE! Diakonutvalet Ølen / Ølen og Bjoa Soknerådet

Basar Kårhus bedehus

NMS har basar på KÅRHUS bedehus onsdag 20. mai kl. 19:00. Andakt av prest HUNDE, mat og kaffi. Alle hjarteleg velkommen



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

 **Kirkens SOS**
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 28. mai. Frist for levering
av stoff er 3. mai 2020.
Nr. 4 kjem ut: 3. september.



Lokale kor song med Seven-jentene

Av Steinar Skartland

Dei som hadde teke vegen til Skjold laurdag 7. mars for å oppleva konsert med lokale born og gruppa Seven-jentene, fekk ein flott musikalsk time i kyrkja. Over 60 born frå Vindafjord og Etne song saman med gruppa i eit stort kor.

Seven-jentene er ei kristen artist-gruppe som har reist på kryss og tvers i Noreg i 18 år. Dei har halde over 1100 konsertar og produsert meir enn 150 låtar for kor, søndagsskule og skule. Gruppa har seld nær 80.000 fysiske album og er tilgjeng-

geleg på straumetenestene.

Først ut i konserten var lokale born frå Vindafjord Soul Kids/Children, og Etne Soul Kids/Children. Til saman 50 born på scenen. Soul kids er lokale born frå 4 år til 4.klasse. Soul children er born frå og med 5. klasse. Etter desse kom Seven-jentene som framførte eit program kalla: «Den store fortellingen.» Ei reise gjennom Bibelen med fengande musikk saman med formidling som både inneheldt trusopplæring og aktualisering for eige kvardagsliv. Dei presenterte sentrale bibelforteljingar frå skapelsen og fram til Jesu oppstode. Under konserten vart det

også bibel-quiz om m.a. Moses. Dei som var samde i utsegna skulle reisa seg. I salen var nok litt usikkerheit på nokre av spørsmåla, så her vart det også god repetering i bibelkunnskapen for dei 150 frammøtte og dei 70 songarane i kora.

Konserten vart avslutta med gospel-song der både dei lokale barnekora og Seven-jentene song i lag på scenen. Seven-jentene held til i Stavanger-området, men ei av dei, Eline Sørhus, er frå Vindafjord. Det var ho som hadde fått gruppa til å leggja ein konsert til Skjold kyrkje, fortalde mora, Guro Stople Sørhus.

Dagane i påskeveka

Palmesøndag er i kristen tradisjon feiringa av Jesu inntog i Jerusalem. Dette skjer søndagen før krossfestinga langfredag. Namnet kjem av forteljinga i bibelen om at folk strødde palmegreiner føre Jesus då han reid inn i byen. I den lutherske kyrkja i Noreg, er den liturgiske fargen lilla, slik også for skjærtorsdag og langfredag.

Skjærtorsdag er ein heilagdag som vert feira siste torsdag før påske. Ordet betyr «reinsingstorsdag», og kjem av norrønt skira, «reinse» (skjær = rein). Denne dagen marke-

rer dei kristne Jesu siste måltid med disiplane før krossfestinga. Dermed vart dette innføringa av nattverden. I liturgien er det vanleg å ha med fotvask, til minne om at Jesus vasket disiplane sine føter før måltidet.

Langfredag markerer i kristen tradisjon dagen då Jesus Kristus døyde på krossen, fredag før påskedag. Namnet kjem av at det var Jesu lengste dag. Mange kyrkjer markerer denne dagen ved ikkje å ha pynt på alteret og ikkje bruka musikkinstrument under gudstenesta.

Påskedag er feiringa av Kristi opp-



stode. Påskedagen er den dagen som forklarar heile kristentrua. Sjølv disiplane forstod ikkje heile Jesus sin bodskap før på påskedag og dagane etter. Dei første som fekk sjå Jesus levende, var kvinnene, og Maria Magdalena møtte Jesus i hagen.